

Årsmelding 2023

Sunnfjord

Forord

Kommunelova § 48 seier at kommunar for kvart kalenderår skal utarbeide årsrekneskap og årsberetning. Nærmare reglar er gitt i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.

Årsmeldinga for Sunnfjord kommune gjer greie for forhold som er viktige for å forstå kommunen si økonomiske stilling og resultat i 2023. Vidare inneheld årsmeldinga omtale av statusoversikt når det gjeld likestilling, etikk og kommunedirektøren sin eigenkontroll.

Driftsrekneskapen for 2023 viser samla driftsinntekter på 2 465 mill. kroner. Netto driftsresultat er 29 mill. kroner eller 1,1 % av driftsinntektene. Det er 8 mill. kroner lågare enn rekneskap 2022 og 12,8 mill. kroner betre enn revidert budsjett for 2023.

Investeringsrekneskap 2023 viser samla utgifter på 453 mill. kroner mot 356 mill. kroner i 2022. Det er ein auke på 97 mill. kroner frå rekneskap 2022. Det er eit etterslep på gjennomføring av investeringar då samla budsjetterte utgifter er 627 mill. kroner, men etterslepet er redusert gjennom høgare aktivitet i 2023 enn opphåveleg budsjett. Alle investeringsutgifter i 2023 er finansiert.

I budsjettrapport pr. oktober vart det rapportert eit anslag på meirforbruk i driftsrekneskapen i Sunnfjord kommune på 18,9 mill. kroner. Årsrekneskapen for 2023 viser eit mindreforbruk på 4,3 mill. kroner. Omsorg har størst meirforbruk med 15,8 mill. kroner. Skule inkl PPT har eit meirforbruk på 6,7 mill. kroner. Teknisk og miljø har eit meirforbruk på 11,5 mill. kroner. Det er auka konsesjonskraft inntekter og tilskot til ressurskrevjande brukarar som finansierer meirforbruket og gir eit positivt netto driftsresultat.

Sunnfjord kommune har tre handlingsreglar i årsbudsjettet for 2023, målt i % av driftsinntektene: netto driftsresultat på -0,19 %, netto lånegjeld på 106,1 % og disposisjonsfond på 5,2 %. Rekneskapen for 2023 viser ei positiv utvikling og måloppnåing på netto driftsresultat med 1,1 %, positiv utvikling og måloppnåing på netto lånegjeld som er redusert frå 94 % til 90,7 %, og ei positiv utvikling på disposisjonsfond som er auka frå 5,3 % til 5,8 %.

Sunnfjord kommune sin likvide situasjon har forverra seg gjennom 2023. Årsaka til dette er blant anna høgare rente på kommunen sine innlån, høg pensjonspremie i 2023, prisauke og auke i forskottering. Sunnfjord kommune har derfor nytta kassakreditt for å betale løpande utgifter i desember 2023. Det vert arbeidd med å forbetre den likvide situasjonen utover våren 2024.

Det er lagt ned stor innsats for å etablere og yte gode og likeverdige tenester i Sunnfjord kommune i 2023.

Kommunedirektøren vil nytte høve til å takke alle tilsette og folkevalde for innsatsen og godt samarbeid i 2023.

Sunnfjord, 22. mars 2024


Terje Heggheim
Kommunedirektør

Samandrag årsmelding

Tabellen oppsummere driftsresultatet for Sunnfjord kommune i 2023 (Tall i 1000).

Rekneskap 2023	Rekneskap 2023	Budsjett inkl. end. 2023	Årsbudsjett 2023	Rekneskap 2022
Driftsinntekter	2 465 175	2 364 196	2 173 310	2 336 008
Driftsutgifter ekskl. avskrivning	2 324 957	2 232 573	2 038 216	2 177 796
Netto finansutgifter	111 009	115 188	139 185	121 341
Netto driftsresultat	29 208	16 435	-4 091	36 870
Netto driftsresultat korrigert for bruk/avsetning bundne fond	28 514	24 213	0	53 213
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	0	0	0	0
Netto driftsresultat	1,1 %	0,7 %	-0,19 %	1,58 %
Netto driftsresultat korrigert for bruk/avsetning bundne fond	1,16 %	1,02 %	0,0 %	2,29 %
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	0,00 %	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter blir brukt som eit mål på kommunen sin økonomiske handlings friheit, og er ein viktig indikator på om det er økonomisk balanse i kommunen. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi anbefaler at nivået på driftsresultatet utgjør 1,75 % av brutto driftsinntekt over tid. Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med etter at driftsutgifter og finanskostnader er trekt frå driftsinntektene.

Årsmelding 2023

Sunnfjord kommune har vedteke ein handlingsregel med mål om netto driftsresultat på 1,85 % i 2023. I opphavelig årsbudsjett 2023 er netto driftsresultat -4,1 mill. kroner eller -0,19 % av driftsinntektene. Det er gjennomført budsjettendringar i 2023 der øyremerka inntekter er budsjetttert avsett til bundne fond og kostnader er finansiert med bruk av fond. Dette medfører at budsjett inkl. endringar 2023 har eit netto driftsresultat på 16 mill. kroner eller 0,7 % av driftsinntektene.

Rekneskap 2023 viser eit netto driftsresultat på 29 mill. kroner eller 1,1 % av driftsinntektene. Dette er 7,7 mill. kroner dårlegare enn i 2022, og 12,8 mill. kroner betre enn budsjett inkl. endringar i 2023. Fleire kommunar rapporterer netto driftsresultat korrigert for bruk og avsetjing av øyremerka midlar til bunde fond. For Sunnfjord kommune omfattar dette inntekter som er avsett til bundne fond og kostnader som er finansierte med bruk av fond. Korrigert for bruk og avsetjing av bundne/ øyremerka midlar er netto driftsresultat 28,5 mill. kroner eller 1,16 % av driftsinntektene. Dette er 4,3 mill. kroner betre enn budsjett korrigert for same forhold.

Rekneskapen viste eit mindreforbruk før årsavslutningsdisposisjonar på 4,3 mil. kroner. I tråd med § 4-3 skal ein stryke bruk av disposisjonsfond slik at rekneskapen etter årsavslutningsdisposisjonar er i balanse.

Sunnfjord kommune sin likvide situasjon har forverra seg gjennom 2023. Årsaka til dette er blant anna høgare rente på kommunen sine innlån, høg pensjonspremie i 2023, prisauke og auke i forskottering. Sunnfjord kommune har derfor nytta kassakreditt for å betale løpande utgifter i desember 2023. Det vert arbeidd med å forbetre den likvide situasjonen utover våren 2024.

Økonomirapportering drift

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sentrale inntekter	-1 730 288	-1 727 087	-1 790 597	-1 795 541	4 944	0,3 %
Netto finansutgifter og inntekter	-18 810	139 185	-30 256	-34 463	4 207	13,9 %
Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar	53 858	0	26 994	29 088	-2 093	-7,8 %
Til disposisjon	-1 695 240	-1 587 902	-1 793 858	-1 800 916	7 058	0,4 %
Stab og støtte	228 341	180 090	41 713	13 249	28 464	68,2 %
Skule	360 227	377 685	425 178	435 960	-10 781	-2,5 %
Barnehage	146 811	227 789	261 700	255 818	5 882	2,2 %
Helse og sosial	237 219	254 646	279 753	279 859	-107	0,0 %
Omsorg	423 219	390 944	457 020	472 807	-15 787	-3,5 %
Kultur og Idrett	32 064	34 156	38 973	39 561	-587	-1,5 %
Teknisk og miljø	127 637	122 591	146 659	158 148	-11 490	-7,8 %
Felles inntekter og utgifter	139 723	0	142 863	145 514	-2 651	-1,9 %
Sum disponering	1 695 240	1 587 902	1 793 858	1 800 916	-7 058	-0,4 %
Meirforbruk -/mindreforbruk +	0	0	0	0	0	0,0 %

Tabellen syner kor mykje Sunnfjord kommune hadde til disposisjon til driftsrelaterte utgifter i 2023, og korleis desse blei disponert i dei ulike sektorane. Kolonna for avvik syner differansen mellom revidert budsjett og rekneskap for 2023.

Sektorane hadde i 2023 et samla budsjettavvik på 4,4 mill. kroner. Felles inntekter og utgifter hadde eit negativt budsjettavvik på 2,7 mill. kroner. Avviket skyldast redusert bruk av bundne driftsfond, og tilhøyrande redusert overføring til investering.

Auke i skatteinntekter i 2023 medførte at dei frie inntektene til Sunnfjord kommune blei bedre enn prognosen gjennom året, og høgare tilskot til ressurskrevjande brukarar. Prognosen per oktober synte eit forventa meirforbruk på 18,8 mill. kroner. Faktisk regnskapsmessig resultat blei eit mindreforbruk på 4,3 mill. kroner.

Samla er netto driftsresultat i % av driftsinntektene på 1,1 %. Det regnskapsmessige resultatet er på 4,3 mill. kroner, og det er gjort strykingar på bruk av disposisjonsfond for å avslutte rekneskapet i balansen.

Detaljert forklaring for dei ulike sektorane kjem under punktet "Totaloversikt drift - fordelt på tenesteområde" i kapittelet til det enkelte kommunalområde.

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Rammetilskot	-737 566	-793 381	-829 176	-823 640	-5 536	-0,7 %
Inntekts- og formuesskatt	-851 117	-774 914	-780 432	-793 182	12 750	1,6 %
Eigedomsskatt	-83 326	-85 188	-85 188	-85 983	795	0,9 %
Integreringstilskot (flyktningar)	-47 584	-60 000	-82 197	-80 234	-1 963	-2,4 %
Rentekompensasjon	-4 272	-6 306	-6 306	-5 536	-770	-12,2 %
Andre generelle driftsinntekter	-6 423	-7 298	-7 298	-6 966	-332	-4,6 %
Sum Frie disponible inntekter	-1 730 288	-1 727 087	-1 790 597	-1 795 541	4 944	-0,3 %

Rammetilskot

Rekneskapen viser mottatt rammetilskot på 824 mill. kroner, og eit revidert budsjett på 829 mill. kroner. Det er eit negativt avvik mot budsjettet på 5 mill. kroner.

Inntekts- og formuesskatt

Rekneskapen viser mottatt inntekts- og formuesskatt på 793 mill. kroner, og eit revidert budsjett på 780 mill. kroner. Det er eit positivt avvik mot budsjettet på 13 mill. kroner.

Skatteinngangen for kommunesektoren i 2023 var totalt på 252,2 mrd. kroner. Dette er 13 mrd. kroner, eller 5 %, lågare enn i 2022. Men det er samtidig 3 mrd. kroner meir enn anslaget i Nasjonalbudsjettet for 2024.

Skattetala for 2023 viser at kommunane har fått inn 210,5 mrd. kroner i skatt på inntekt og formue. Samanlikna med 2022 har kommunen sine skatteinntekter gått ned med 10,4 mrd. kroner eller 4,7 %. Nedgangen frå året før må ein sjå i samanheng med at skatteinntektene i 2022 var ekstraordinært høge og heile 27 mrd. kroner større enn anslaget i Nasjonalbudsjettet for 2022. På grunn av den store skatteinngangen blei rammetilskotet i 2022 redusert med 12 mrd. kroner.

Skatteinngangen for 2023 blei justert opp med vel 4 mrd. kroner i RNB for 2023 og ytterlegare 4 mrd. kroner i NB24. Samanlikna med NB24 viser fasiten at skatteinngangen i kommunesektoren samla blei omlag 3 mrd. kroner, eller 1,2 % høgare enn dei siste berekningane.

Eigedomsskatt

Rekneskapen viser mottatt eigedomsskatt på 86 mill. kroner, og eit revidert budsjett på 85,2 mill. kroner. Det er eit positivt avvik mot budsjettet på 0,8 mill. kroner.

Integreringstilskot (flyktningar)

Rekneskapen viser mottatt integreringstilskot på 80,2 mill. kroner, og eit revidert budsjett på 82,2 mill. kroner. Det er eit negativt avvik mot budsjettet på 2 mill. kroner.

Rentekompensasjon

Rekneskapen viser mottatt rentekompensasjon på 5,5 mill. kroner, og eit revidert budsjett på 6,3 mill. kroner. Det er eit negativt avvik mot budsjettet på 0,8 mill. kroner.

Andre generelle driftsinntekter

Rekneskapen viser mottatt andre generelle driftsinntekter 7,0 mill. kroner, og eit revidert budsjett på 7,3 mill. kroner. Det er eit negativt avvik mot budsjettet på 0,3 mill. kroner.

Andre skatteinntekter omfattar naturressursskatt og konsesjonsavgift. Naturressursskatten er 5,4 mill. kroner og konsesjonsavgift er 1,5 mill. kroner. Det er budsjettert med konsesjonsavgift på 2,5 mill. kroner. Det er ikkje mottatt konsesjonsavgift for Jølstra kraft AS. Søknaden ligg hos NVE og kommunen få etterbetalt konsesjonsavgift frå oppstart tidspunktet når søknaden er ferdig behandla.

Driftsinntekter

Beløp i 1000 kr

Driftsinntekter	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Opphavelag budsjett 2023	Rekneskap 2022
Rammetilskot	-823 640	-829 176	-793 381	-737 566
Skatt på inntekt og formue	-793 182	-780 432	-774 914	-851 117
Eigedomsskatt	-85 983	-85 188	-85 188	-83 326
Andre skatteinntekter	-6 966	-7 298	-7 298	-6 423
Andre overføringar og tilskot frå staten	-121 037	-107 868	-84 379	-82 360
Overføringar og tilskot frå andre	-362 083	-301 424	-182 468	-326 771
Brukarbetalingar	-81 607	-70 578	-71 335	-83 125
Sals- og leigeinntekter	-190 677	-182 232	-174 347	-165 319
Totalsum	-2 465 175	-2 364 196	-2 173 310	-2 336 008

Sum driftsinntekter utgjer 2 465 mill. kroner, og dette er 101 mill. kroner meir enn budsjettet. Det er ein auke i driftsinntekter på 129 mill. kroner i forhold til 2022. Auken utgjer 5,5 %. Av driftsinntektene utgjer frie disponible inntekter 72,9 %. Frie inntekter er midlar kommunen kan disponere utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og forskrifter.

I revidert årsbudsjett for 2023 var frie disponible inntekter for Sunnfjord kommune berekna til 1 791 mill. kroner. Beløpet fordelar seg på 829 mill. kroner i rammetilskot, inntekts- og formueskatt 780 mill. kroner, eigedomsskatt 85 mill. kroner, integreringstilskott 82 mill. kroner, rentekompensasjon 5,5 mill. kroner og andre generelle inntekter på 7,3 mill. kroner.

Rekneskapen viser vi har mottatt 121 mill. kroner i andre overføringer og tilskot frå staten. Det er mottatt 13,2 mill. kroner meir enn budsjetttert. Dette er ein auke frå 2022 på 38,7 mill. kroner. Andre overføringer og tilskot er er tilskot som ein søker om og øymerka løyvingar til prosjekt og refusjonar som kommunen har søkt midlar til, og flyktning tilskot. Nokon av desse tilskota som er mottatt er ikkje budsjetttert. Det er mottatt 2 mill. kroner mindre i statstilskot til busetjing og integrering av flyktningar i 2023 enn budsjetttert. Grunnen til dette avviket er fleire flyktningar og høgare busetjing i kommunen, og det er vanskeleg å seie når ein får tilskotet for den enkelte flyktning. Det er etterslep på vedtak. Det er mottatt 16,4 mill. kroner meir i statstilskot-øymerka enn budsjetttert. Det er mange av desse øymerka midlane som kjem i heile organisasjonen som ikkje er budsjetttert. Sektor for skule har eit avvik på 3,6 mill. kroner, sektor for barnehage har eit avvik på 3,2 mill. kroner, sektor for helse og sosial har eit avvik på 6,7 mill. kroner, sektor for omsorg har eit avvik på 1,9 mill. kroner og sektor for kultur og idrett har eit avvik på 1,1 mill. kroner.

Rekneskapen viser vi har mottatt 362,1 mill. kroner i overføringer og tilskot frå andre. Det er mottatt 60,7 mill. kroner meir enn budsjetttert. Dette er ein auke frå 2022 på 35,3 mill. kroner. Dette er refusjonar og overføringer frå staten, fylke, kommunar og andre.

Rekneskapen viser vi har mottatt 36,2 mill. kroner i refusjon frå staten. Det er mottatt 3,7 mill. kroner meir enn budsjetttert. Det er sendt faktura som gjeld refusjon av kostnader som einingane har hatt i året.

Rekneskapen viser vi har mottatt 95 mill. kroner i toppfinansieringstilskot. Dette er refusjon for kostnader til ressurskrevjande brukarar. Det er mottatt 18,7 mill. kroner meir enn budsjetttert. Tilskotet har blitt vesentleg høgare enn venta, både som følge av at ressursbruken har gått opp, men og korleis den høge løns- og pensjonskostnaden i 2023 har slått ut i tilskotsberekninga.

Rekneskapen viser vi har mottatt 74,1 mill. kroner i sjukelønnsrefusjon og refusjon av fødselspengar. Det er mottatt 1,1 mill. kroner mindre enn budsjetttert. Budsjettåret 2023 er første året vi har budsjetttert sjukelønnsrefusjon og refusjon av fødselspengar. Dei tidlegare åra har det vore eit avvik på på 75 mill. kroner, og vi ser beløpet er omtrent det same som i 2021 og 2022.

Rekneskapen viser vi har mottatt 6,9 mill. kroner i overføringer frå fylkeskommunen. Det er mottatt 2,4 mill. kroner meir enn budsjetttert. Refusjon for breibandsutbygging utgjer 2,1 mill. kroner som er 1 mill. kroner meir enn budsjetttert, og ein del einingar som ikkje har budsjetttert med lærling tilskot.

Rekneskapen viser vi har mottatt 75,1 mill. kroner i overføring frå kommunar. Det er mottatt 15,6 mill. kroner meir enn budsjetttert. Det er ikkje budsjetttert med sal av gjesteelevar til kommunar som utgjer 7,4 mill. kroner fordelt på fleire skular, og gjestebarn i barnehage på 1,5 mill. kroner. SYS IKT har eit avvik mot budsjett på 5,3 mill. kroner.

Rekneskapen viser vi har mottatt 6,2 mill. kroner i refusjon frå andre. Det er mottatt 4 mill. kroner meir enn budsjetttert. Fagutvikling har fått refundert 2,4 mill. kroner for prosjektet KS fagnettverk.

Rekneskapen viser vi har mottatt 2,1 mill. kroner som erstatning. Dette gjeld brannen på FUSK.

Rekneskapen viser vi har mottatt 2,5 mill. kroner i overføring frå fylkeskommunar. Det er mottatt 2,4 mill. kroner meir enn budsjetttert. Dette er tilskotsmidlar som ikkje er budsjetter eller kan vere budsjetttert på feil konto.

Rekneskapen viser vi har mottatt 5,4 mill. kroner i overføring frå andre. Det er mottatt 4,2 mill. kroner meir enn budsjetttert. Det er mottatt gåver i omsorgssektoren. Den største gåva er på 3,2 mill. kroner.

Rekneskapen viser vi har mottatt 75,1 mill. kroner i brukarbetaling. Det er mottatt 11 mill. kroner meir enn budsjetttert. Dette fordelar seg på sektor for skule 2 mill. kroner, sektor for barnehage 1,4 mill. kroner, sektor for helse og sosial 4,8 mill. kroner og sektor om omsorg 2,7 mill. kroner.

Rekneskapen viser vi har mottatt 191 mill. kroner i sals- og leigeinntekter. Det er mottatt 8,4 mill. kroner meir enn budsjetttert. Det er mottatt 9 mill. kroner meir i sal av konsesjonskraft, og det vart i 2023 inngått ny avtale om sal av konsesjonskraft.

Driftsutgifter

Driftsutgifter 2023

Beløp i 1000 kr

Driftsutgifter	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Opphøveleg budsjett 2023	Rekneskap 2022
Utgifter til løn	1 306 864	1 307 771	1 181 655	1 223 238
Sosiale utgifter	303 188	303 440	295 334	286 121
Kjøp av varer og tenester	563 543	489 966	444 909	537 534
Overføringar og tilskot til andre	151 364	131 396	116 319	130 903
Avskrivningar	145 444	145 444	0	140 095
Totalsum	2 470 401	2 378 017	2 038 216	2 317 892

Tabellen syner oversikt over samla driftsutgifter i 2023 som var på 2 470 mill. kroner. Dette er 92 mill. kroner meir enn budsjetttert og ein auke frå 2022 på 153 mill. kroner.

Rekneskapen viser utgifter til løn på 1 306,9 mill. kroner, og dette er 0,9 mill. kroner lågare enn budsjetttert. Året 2023 var første året ein budsjetterte refusjon for sjukeløn og refusjon for fødselspermisjon, og mot posten for desse vart budsjetttert som vikarløn. Det er ein auke i kostnaden frå 2022 på 83,6 mill. kroner som utgjør 6,8 %. Dei postane som har høgaste mindreforbruk er fast lønn 12,4 mill. kroner, løn vil vikar 27,6 mill. kroner. Dei postane som har høgaste meirforbruk er fast løn 3,4 mill. kroner, fast tilsette ekstra 5,8 mill. kroner, lærarar løn til vikar 27,6 mill. kroner og overtidslønn 17 mill. kroner, helge- og høgtidstillegg 6,1 mill. kroner og anna løn og trekkpliktig godtgjersle på 8 mill. kroner. Differansen mellom fast løn og vikar kan ein sjå mot kvarandre.

Rekneskapen viser sosiale utgifter på 303,2 mill. kroner, og dette er 0,3 mill. kroner lågare enn budsjetttert. Det er ein auke frå 2022 på 17 mill. kroner som utgjør 5,9 %.

Rekneskapen viser kjøp av varer og tenester på 563,5 mill. kroner, og dette er 73,6 mill. kroner høgare enn budsjetttert. Det er ein auke frå 2022 på 26 mill. kroner som utgjør 4,8 %. Undervisningsmaterieil har ein kostnad over budsjettet på 2,3 mill. kroner, matvarer 3 mill. kroner, lisensar 14,4 mill. kroner, kontingentar 3,7 mill. kroner, inventar og utstyr 6,6 mill. kroner, andre tenester 13,6 mill. kroner, kjøp av tenester frå andre 5 mill. kroner og kjøp frå andre rekneskaps-einingar som inngår i Kostra konsern 3,8 mill. kroner.

Kjøp og finansiell leige av driftsmidlar har eit mindre forbruk på 18,2 mill. kroner. Dette må sjåast i samanheng med andre postar som har meirforbruk.

Rekneskapen viser overføring og tilskot til andre på 151,4 mill. kroner, og dette er 20 mill. kroner høgare enn budsjettet. Det er ein auke frå 2022 på 20,5 mill. kroner som utgjer 15,6 %. Overføring til andre har ein kostnad over budsjettet på 8,4 mill. kroner og kjøp av konsesjonskraft 2,9 mill. kroner.

Avskrivingar på 145 mill. kroner stemmer mot budsjettet for 2023.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-15 042	-19 582	-19 582	-21 625	2 043	10,4 %
Utbytter	-26 568	-17 466	-50 063	-41 120	-8 943	-17,9 %
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	9 425	-10 000	-10 000	-20 722	10 722	107,2 %
Renteutgifter	54 420	88 833	95 833	95 402	431	0,4 %
Avdrag på lån	99 051	97 400	99 000	99 046	-46	0,0 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	121 285	139 185	115 188	110 981	4 207	3,7 %

Samla sett viser sum finansinntekter/-utgifter for 2023 eit positivt avvik mot budsjettet på 4,2 mill. kroner.

Renteinntekter

Rekneskapen viser mottatt renteinntekter på 21,6 mill. kroner, og eit revidert budsjett på 19,6 mill. kroner. Det er eit positivt avvik mot budsjettet på 2 mill. kroner. Renteinntektene har auka i takt med den høge auken i rentemarknaden.

Utbytter

Rekneskapen viser mottatt utbytte på 41,1 mill. kroner, og eit revidert budsjett på 50,1 mill. kroner. Det er eit negativt avvik mot budsjettet på 9 mill. kroner.

Det vart i revidert budsjett for 2023 lagt til grunn at utbytte frå SFE i 2023 skal kome til oss via Sogn og Fjordane Holding AS same år.

Det syner seg at utbytte som blir avsett i årsrekneskapen for SFE for 2022 blir betalt ut til Sogn og Fjordane Holding AS hausten 2023. Dette utbyttet blir utbetalt frå Sogn og Fjordane Holding i slutten av juni 2024.

Sogn og Fjordane Holding AS fekk ikkje inn utbytte i 2022, og det er derfor ikkje utbytte å betale ut i 2023.

Dette avviket utgjer 9 mill. kroner i budsjettet for 2023.

Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel

Rekneskapen viser mottatt gevinst på finansielle omløpsmiddel på 20,7 mill. kroner, og eit revidert budsjett på 10,0 mill. kroner. Det er eit positivt avvik mot budsjettet på 10,7 mill. kroner. Dette er ein auke sidan oktober rapporteringa og vi ser den positive utviklinga i november holdt fram til årsslutt. Avkasting på aksjeplasseringar utgjorde 22,6 % i 2023 og avkasting på fondsplasseringar utgjorde 4,9 %.

Renteutgifter

Rekneskapen viser renteutgifter på 95,4 mill. kroner, og eit revidert budsjett på 95,8 mill. kroner. Det er eit positivt avvik mot budsjettet på 0,4 mill. kroner. Renteutgiftene har auka med 41,0 mill. kroner sidan 2022. Grunnen til auken er renteauken som er i marknaden.

Avdrag på lån

Rekneskapen viser avdrag på lån på 99,0 mill. kroner, og eit revidert budsjett på 99,0 mill. kroner.

Minimumsavdrag er det minste lovlege nivået på avdrag som kommunen skal betale i rekneskapsåret, og er en berekna størrelse sett i forhold til kapitalslitet på kommunen sine avskrivbare anleggsmidlar.

Minimumsavdraget for 2023 er 96,3 mill. kroner. Det er betalt 2,7 mill. kroner meir enn minimumsavdraget for 2023.

Totaloversikt drift - fordelt på tenesteområde

Beløp i 1000

Namn	Rekneskap 2022	Justert årsbudsjett 2023			Rekneskap 2023			Avvik i kr	Avvik i %
		Rev. bud. utgifter	Rev. bud. inntekter	Rev. bud. 2023	Rekn. hiå. utgifter	Rekn. hiå. inntekter	Rekneskap		
Stab og støtte	228 341	212 090	-170 376	41 713	138 369	-125 120	13 249	28 464	68,2 %
Skule	360 227	455 998	-30 820	425 178	514 541	-78 582	435 960	-10 781	-2,5 %
Barnehage	146 811	289 586	-27 886	261 700	302 390	-46 572	255 818	5 882	2,2 %
Helse og sosial	237 219	317 255	-37 503	279 753	338 261	-58 402	279 859	-107	0,0 %
Omsorg	423 219	580 441	-123 421	457 020	645 643	-172 836	472 807	-15 787	-3,5 %
Kultur og Idrett	32 064	63 612	-24 638	38 973	68 700	-29 139	39 561	-587	-1,5 %
Teknisk og miljø	127 637	314 620	-167 961	146 659	331 021	-172 873	158 148	-11 490	-7,8 %
Felles inntekter og utgifter	-1 555 517	379 001	-2 029 996	-1 650 995	376 853	-2 032 255	-1 655 402	4 407	0,3 %
Sum tenesteområde	0	2 612 602	-2 612 602	0	2 715 778	-2 715 778	0	0	100,0 %

Tabellen over syner oversikt over sektorane i kommunen og avvik i forhold til budsjettet.

Kommunedirektør

Kommunedirektøren inneheld fleire tenester som politikk, leiargruppa til kommunedirektøren, revisjon og kontroll, IKT og overføring til kyrkja. Kostnadar til pensjon og pott til lønnsauke ligg her. Det vart eit mindreforbruk på 26,3 mill. kroner. Av dette mindreforbruket er 19 mill. kroner ikkje fordelt kompensasjon for prisvekst, lågare pensjonskostnad på 4 mill. kroner og auke i konsesjonskraft inntekter. Det vart per oktober rapportert eit mindreforbruk på 20,7 mill. kroner.

Stab og støtte

Stab og støtte utfører oppgåver som er retta mot alle einingane i kommunen. Innhaldet i stab og støtte er personal, service, SYS-IKT (fram til og med oktober månad), rekneskap og løn, fagutvikling, næring og samfunnsutvikling og kommuneadvokaten. Det vart eit mindreforbruk på 2,1 mill. kroner. Mindreforbruket er 2,5 mill. kroner meir enn rapportert per oktober månad. Mindreforbruket er knytt til vakante stillingar, og at det blir ikkje tatt inn vikarar ved sjukdom. Det var lagt til grunn at stab og støtte skulle spare 3,3 mill. kroner gjennom vakante stillingar/andre innsparingstiltak i 2023. Deler av innsparinga er gjennomført ved å redusere bemanning i administrasjonen og stillingar som har vore vakante gjennom året.

Skule inkl. PPT og Vaksenopplæring og integrering

Skulane har tilbod til SFO, og to av skulane har barnehagetilbod. Det er rektor som er leiar for skule og barnehage. Skule, PPT og vaksenopplæring og integrering har eit meirforbruk på 10,8 mill. kroner. Meirforbruket er 6,5 mill. kroner høgare enn rapportert per oktober månad. Meirforbruket fordelar seg med lønskostnader inkludert refusjonar på 11,5 mill. kroner, meirforbruk utgifter 23,8 mill. kroner og meirinntekter på 24,6 mill. kroner.

Grunnskule har eit meirforbruk på 8,9 mill. kroner som er knytt til lønskostnader og betaling for gjestebarn i andre kommunar. Det er ført bruk av bundne fond på 3 mill. kroner.

SFO har eit mindreforbruk på 1,7 mill. kroner.

Skuleskyss har eit meirforbruk på 2,7 mill. kroner som kjem av fleire elevar får innvilga skuleskyss på grunn av farleg skuleveg. Det låg inne ei innsparing på 1,3 mill. kroner i budsjettet.

PPT har eit mindreforbruk på 1,4 mill. kroner. Dette kjem av vakante stillingar.

Vaksenopplæring og integrering har eit meirforbruk på 4 mill. kroner. Dette meirforbruket gjeld introduksjonsordninga.

Barnehage

Barnehage har eit samla mindreforbruk på 5,9 mill. kroner. Dette er 10 mill. kroner bedre enn rapportert per oktober månad.

Innsparingskravet på driftsmidlar på 1 mill. kroner og 1,2 mill. kroner til barn med spesielle behov er med i budsjettet for 2023. Det er ikkje lykkast med å gjere innsparing på struktur med 4 mill. kroner, men nokre stillingar har stått vakante og nokre har gått ned på årsverk som vi ikkje får verknad av før 19. August og nytt barnehageår. Noko som gjer det utfordrande og lage prognosar med reint talgrunnlag i August og September, då driftsnivået desse månadane er kunstig høgt på grunn av noko overlapp i stilling, drift som ligg på nivå med barnehageåret ein avsluttar i august og ein del innleige av vikarar i ferien. Det er fakturert for gjestebarn i privat barnehage med 1,5 mill. kroner.

Mindreforbruket fordelar seg med høgare lønskostnadar inkludert refusjonar på 0,3 mill. kroner, høgare kostnad til utgifter på 1,5 mill. kroner og høgare inntekter på 7,6 mill. kroner. Behovet til barn med spesielle behov er redusert, og har eit samla mindreforbruk på 2,7 mill. kroner. Tilskot til private barnehagar utgjorde 81,3 mill. kroner, og dette er ein auke frå 2022 på 5,3 mill. kroner. Behovet til barn med spesielle behov går ned i dei private barnehagane også. Det er eit mindreforbruk på 1,0 mill. kroner. Grunnen til mindreforbruket til barn med spesielle behov er inntektsføring av IMDI tilskotet same året som ein har kostnaden for barnet. Dette har ikkje vore gjort tidlegare år. For 2023 utgjør dette 1,7 mill. kroner.

Tilskotet til dei private barnehagane er eit komplekst reknestykke, og tilskotet for 2023 utgjer 81,3 mill. kroner. Dette er ein auke frå 2022 på 5,3 mill. kroner. Tilskotet for 2023 er rekna ut frå utgiftene som var i dei kommunale barnehagane i 2021. Det er i utrekninga for tilskotet i 2023 nytta KS/PBL sin modell for å rekne ut tilskotet. Dei private barnehagane har også rett til kompensasjon til redusert foreldrebetaling og søskenmoderasjon.

Behovet til barn med spesielle behov aukar også i private barnehagane. Det kjem til nye behov, og behov endrar seg undervegs. Det vart i 2023 gjeve tilskot til barn med spesielle behov i dei private barnehagane på 3,7 mill. kroner. Dette er 1 mill. kroner lågare enn budsjettet. Tilskot til IMDI barn som gjeld 2023 er inntektsført i rekneskapen, og dette utgjer 1,7 mill. kroner.

Helse og sosial

Sektoren helse og sosial, er fysio- og ergoterapitenesta, NAV, legetenesta, helsestasjonen, barneverntenesta, aktivitetseininga og psykisk helse og rus. Det er eit meirforbruk på 0,1 mill. kroner. Dette er omlag det same som rapportert meirforbruk per oktober månad.

Kommunalsjef området har eit meirforbruk på 2,5 mill. kroner, som er knytt til krav frå Helfo. Legetenesta har eit meirforbruk på 2,3 mill. kroner. Dette meirforbruket skuldast høgare utgifter til SYS IKL, til vikarar og legevikarar. Helsestasjonen har eit mindreforbruk på 1,8 mill. kroner som er lågare lønnskostnader med 2,9 mill. kroner, høgare utgifter på 2,4 mill. kroner og meirinntekter på 1,3 mill. kroner. Barneverntenesta har eit mindreforbruk på 3,4 mill. kroner, som skuldast i hovudsak lågare utgifter til kjøp av tiltak og meirinntekter på 2,3 mill. kroner. Aktivitetseininga har eit meirforbruk på 1,2 mill. kroner som gjeld lønnskostnader. Psykisk helse og rus har eit mindreforbruk på 1,1 mill. kroner som kjem av sparte lønnskostnader, høgare utgifter og høgare refusjonar gjennom LAR. Dei andre tenestene i sektoren har små meirforbruk eller mindreforbruk.

Omsorg

Omsorgssektoren består av alle omsorgssentera, bu- og miljø tenestene, heimetenestene, bu- og avlasting, butiltak psykisk helse, tildelingseininga, bemanningseininga og kjøkkentenesta. Det er eit meirforbruk på 15,8 mill. kroner i sektoren. Løn inkludert refusjonar har eit meirforbruk på 7,4 mill. kroner, utgifter har eit meirforbruk på 33,7 mill. kroner og det er meirinntekter på 25,3 mill. kroner. Meirinntektene kjem frå refusjon til ressurskrevjande brukarar. Sektoren hadde eit innsparingskrav på 10,16 mill. kroner i 2023. Innsparinga er fordelt på einingane ut i frå fastlønsbudsjettet. Innsparinga er forsøkt realisert gjennom ulike tiltak som auka bruk av velferdsteknologi, etablering av sjukepleierteam, elektronisk medisineringsstøtte og organisering av arbeidstidsordningar og redusert sjukefråvær.

Kommunalsjef har eit meirforbruk på 9,9 mill. kroner. Dette er ei innsparing på 7,7 mill. kroner som ikkje er realisert og 1,8 mill. kroner til alarmsentralen. Omsorgssentera har eit meirforbruk på 15,2 mill. kroner. Meirforbruket er knytt til høgare lønsutgifter og bruk av vikarbyrå. Det er brukt 7,3 mill. kroner i vikarbyrå.

Heimetenestene har eit mindreforbruk på 0,7 mill. kroner. Bu- og miljøtenestene har eit mindreforbruk på 11,9 mill. kroner. Mindreforbruket er knytt til høgare lønsutgifter på 4,1 mill. kroner, høgare utgifter på 5,4 mill. kroner og høgare inntekter på 18,7 mill. kroner. Årsak er fleire brukarar, ressurskrevjande tenester og brukarar med større behov for teneste.

Bu- og avlastingstenesta har eit meirforbruk på 3 mill. kroner, grunna fleire nye tiltak og endring av eksisterande tiltak. Butiltak psykisk helse har eit mindreforbruk på 3,9 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak lågare lønnskostnader og mindre tenestebhov i periodar. Tildelingseininga, bemanningseininga og kjøkkentenesta har eit samla meirforbruk på 2,7 mill. kroner, som i hovudsak er

knytt til etablering av ei ny eining og lågare brukarbetalingar i kjøkkentenesta enn budsjettet. Tildelingseininga har mindreforbruk som skuldast vakante stillingar.

Kultur og idrett

Sektoren kultur og idrett har einingane kultur og ungdom, idrett og friluftsliv, kulturskule og bibliotek. Under tenesteområdet ligg også generelt kulturarbeid, kulturminne og ulike kulturprosjekt. Det er eit meirforbruk på 0,6 mill. kroner. Dette beløpet kjem i hovudsak av høgare lønnskostnader og utgifter, og er knytt til tenestene kommunale kulturbygg og bibliotek. Bibliotek har innsparingskrav på 0,24 mill. kroner. Dette har ein ikkje klart.

Teknisk og miljø

Sektoren teknisk og miljø er bygg- og eigedomsforvaltning, reinhald og vaskeri, teknisk drift, brann og redning, landbruk og miljø, areal og byggesak og VAR har eit meirforbruk på 11,5 mill. kroner. Utgiftene er 10,9 mill. kroner høgare enn budsjettet.

Bygg- og eigedomsforvaltning har eit meirforbruk på 2,6 mill. kroner. Dette skuldast energi kostnader. Reinhald vaskeri har eit meirforbruk på 0,7 mill. kroner.

Teknisk drift har eit meirforbruk på 1,3 mill. kroner, og hadde samla eit innsparingskrav på 0,95 mill. kroner. Dette meirforbruket kjem av høgare utgifter enn budsjettet. Auken i kostnader gjeld vintervedlikehald og drift og vedlikehald av vegar. Brann og redning har eit meirforbruk på 3,1 mill. kroner. Dette meirforbruket kjem av høgare lønnskostnader og utgifter enn budsjettet. Meirforbruket gjeld tenesta brannvesen. Areal og byggesak har eit mindreforbruk på 0,4 mill. kroner. Landbruk og miljø har eit mindreforbruk på 0,3 mill. kroner.

Sjølvkost

Formålet med sjølvkost er at brukarane av tenestene skal betale kostnaden kommunen har med å levere desse tenestene. Kommunen kan med unntak av hushaldningsrenovasjon og slamtømming likevel velje å dekke delar av kostnadane.

Følgjande tenester er underlagt sjølvkostprinsipp:

Vatn og avløp, feiing, hushaldningsrenovasjon, slamtømming, plan- og byggesaksbehandling, oppmåling, eigarseksjonering, ureiningsmynde og hamnetenester.

For Sunnfjord kommune blir tenestene hushaldningsrenovasjon og slamtømming utført av Sunnfjord Miljøverk AS. Sjølvkost for desse tenestene vert lagt fram når dei er behandla i SUM. Tilsvarande er det Alden hamneområde som utfører havnetenester på vegne av Sunnfjord kommune. Desse blir og lagt fram når dei føreligg. Dei resterande sjølvkostområda er omtalt nedanfor.

Sunnfjord kommune har vedteke 100 % sjølvkost-dekning på tenestene for vatn, avløp og feiing.

Avgifts området vatn har eit positivt resultat på 1,6 mill. kroner. Sjølvkostområdet hadde ikkje fondsmidlar per 01.01.2023. Resultatet går til å dekke inn tidlegare framførbart underskot.

Avgifts området avløp har eit negativt resultat på 7,4 mill. kroner. Dette skyldast lågare inntekter og høgare kostnader. Renasys prosjektet har kosta 1,7 mill. kroner. Sjølvkostområdet hadde fondsmidlar per 01.01.2023 på 0,067 mill. kroner, slik at nesten heile det negative resultatet på 7,4 mill. kroner må dekkast inn av framtidig overskot.

Avgifts området feiing har eit negativt resultat på 0,7 mill. kroner. Sjølvkostområdet hadde ikkje fondsmidlar per 01.01.2023. Negativt resultat på 0,7 mill. kroner må dekkast inn av framtidig overskot.

2023	Vatn	Avløp	Feiing
------	------	-------	--------

Årsmelding 2023

Resultat	1 630	-7 405	-663
Sjølvcostfond per 01.01	0	67	0
Sjølvcost fond per 31.12	0	0	0
Framførbart underskot per 01.01.	-2 039	0	-392
Rentekostnad framførbart underskot	-52	-156	-31
Framførbart underskot per 31.12.	-461	-7 495	-1 086

Tabellen nedanfor viser Sunnfjord kommune sitt sjølvcostresultat innanfor private planar, byggesak, oppmåling, eigarseksjonering og ureiningsmynde.

Private planar oppnår ikkje 100 % sjølvcostdekning. Området har ikkje sjølvcostfond, og underskot kan ikkje dekkast inn av framtidige overskot. Kommunen må difor subsidiere underskotet på 0,84 mill. kroner.

Tenestene byggesak og eigarseksjonering har kommunen 100 % sjølvcostdekning og meirinntekter er avsett til fond.

Tenesta oppmåling oppnår ikkje 100 % sjølvcostdekning. Området har ikkje sjølvcost-fond, og underskot kan ikkje dekkast inn av framtidige overskot. Kommunen må difor subsidiere underskotet på 0,81 mill. kroner.

Området for ureiningsmynde har 100 % sjølvcostdekning, og eit positivt resultat på 0,1 mill. kroner. Det positive resultatet reduserer området sitt framførbare underskot frå tidlegare år.

2023	Private planar	Byggesak	Oppmåling	Eigarseksjonering	Ureiningsmynde
Resultat	-838	-981	-810	-4	97
Subsidering	838	-	810	-	-
Sjølvcostfond per 01.01	-	3 477	-	262	-
Renteinntekt sjølvcostfond	-	128	-	11	-
Sjølvcost fond per 31.12	-	2 624	-	269	-
Framførbart underskot per 01.01.	-	-	-	-	-846
Rentekostnad framførbart underskot	-	-	-	-	-34

Framførbart underskot per 31.12.	-	-	-	-	-784
----------------------------------	---	---	---	---	------

Avvik frå kommunestyret sine premisser

I tillegg til omtale av beløpsmessige avvik skal det i årsmeldinga og omtalast avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Elevtalsutvikling i skulen

År/steg	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Trinn 4	Trinn 5	Trinn 6	Trinn 7	Trinn 8	Trinn 9	Trinn 10	Sum
2020/2021	291	268	278	330	313	315	295	317	306	314	3 027
2021/2022	266	288	265	272	330	312	308	290	312	303	2 946
2022/2023	261	265	291	267	272	332	313	308	290	316	2 915
2023/2024	253	261	265	291	267	272	332	313	308	290	2 852

Elevtalet frå skuleåret 22/23 til skuleåret 23/24 har ein nedgang på 63 elevar.

Elevtalet utgjer grunnlaget for ressursbruken i budsjettåret 2023. Skulane får tildelt ressursar etter tal klassar, med eit delingstal på 28 elevar på barnetrinnet og 30 elevar på ungdomstrinnet.

Elevar med spesialundervisning, lærartimar

Timetal	1.-4. trinn	5.-7. trinn	8.-10. trinn	Gutar	Jenter	Sum
1-75	1	1	6	6	2	8
76-190	13	12	18	30	13	43
191-270	8	8	7	12	11	23
271-	23	27	19	47	22	69
Sum	45	48	50	95	48	143

I Sunnfjord kommune får 5 % av elevane spesialundervisning. Dette er ein nedgang frå 22/23 på 0,9 %-poeng. Det blir arbeidd med tiltak for å redusere spesialundervisning, og auke tilpassa opplæring. Det er eit fleirtal med gutar som får spesialundervisning.

Elevar med spesialundervisning som har assistent

Årsmelding 2023

Timetal	Gutar	Jenter	Sum
1-75	0	0	0
76-190	5	1	6
191-270	8	6	14
271-	62	15	77
Sum	75	22	97

Dei fleste av elevane som får assistentressurs, har i tillegg spesialundervisning. Tildelinga av assistentressurs er på 97 elevar i 23/24. Dette talet var 131 for skuleåret 22/23, og er ein nedgang på 34 elevar.

SFO

-	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn	5.-7. trinn	Sum
Tal barn	255	250	171	156	4	836
100 % plass	94	70	36	17	2	219

Skuleår	Tal barn
2023/2024	836
2022/2023	765
2021/2022	749
2020/2021	773

Tal barn i SFO har auke frå 765 til 836 frå skuleåret 22/23 til 23/24. Dette er ein auke på 71 barn. Det er 57 fleire barn som har 100 % plass frå 22/2 til 23/24.

Det er tre moderasjonsordningar i SFO. Det er innført eit tak på foreldrebetaling på 6 prosent av inntekta. Denne ordninga gjeld for foreldre med barn på 1. – 4. trinn. Gratis SFO for elevar med særskilde behov på 5. – 7. trinn. Det er innført 12 timar gratis SFO for elevar på 1. og 2. trinn.

Barnehage

Sunnfjordbarnehagen utgjer 18 kommunale og 8 private barnehagar. Totalt 26 barnehagar med svært ulik storleik, frå den største private barnehagen med 130 barn til den minste barnehagen som tel 5 barn. Kvar kommunale barnehage har tilsett einingsleiar i 100 % stilling, unnateke Viksdalen, Karstad, Holsen og Vevring. I Holsen og Vevring er det rektor på skulen som er einingsleiar for barnehagen. I tillegg har barnehagar med 4 avdelingar eller meir tilsett assisterande einingsleiar i 50 % stilling eller meir, alt etter tal avdelingar/årsverk.

Barnehagane følger norm for bemanning. Det vil sei minimum 1 vaksen pr. 3 barn under 3 år, og minimum 1 vaksen pr. 6 barn over 3 år.

I tillegg til ordinær barnehagedrift skal barnehagane gje styrking til førskulebarn som har rettar etter Kapittel 7 i barnehagelova: Spesialpedagogisk hjelp. Der retten til Spesialpedagogisk hjelp § 31 og § 37 Barn med nedsett funksjonsevne og ansvaret kommunen har til å tilrettelegge for å nedbygge funksjonshemmande barrieren utgjer dei største kostnadane. Barnehagane prioriterer tidleg innsats og gjer førebyggjande tiltak knytt til barn som treng hjelp og støtte i utvikling og læring, men det er ikkje tilført ekstramidlar til sektoren ut over grunnbemanning. I kommunale barnehagar er det Einingsleiar som gjer vedtak etter spesialpedagogisk hjelp og for private er det kommunen. Alle søker kommunen om ressursar ut frå søknad eller vedtak. Spesialpedagogisk hjelp vert gitt individuelt eller i gruppe, i tillegg til at den inkluderer foreldrerettleing.

Det er to moderasjonsordningar for familiar eller hushaldning med låg inntekt. Dersom maksprisen for barnehageplass er høgare enn 6 % av den samla inntekta til familien/hushaldninga har ein rett på redusert pris. I tillegg er det gratis kjernetid for 2, 3, 4 og 5 - åringar der familien/hushaldninga har ei samla inntekt som er lågare enn 598 825 kroner per år. Moderasjonsordningane for barnehage utgjer i 2023, 1,1 mill. kroner i redusert foreldrebetaling, gratis kjernetid 0,7 mill. kroner og søskenmoderasjonen er på 2 mill. kroner. Det er ein nedgang i moderasjonsordningane frå 2022 på 1,8 mill. kroner.

Det er moderasjonsordningar for søsken i barnehagen. For barn nummer 2 er det 30 % moderasjon og for barn 3, 4 vart det gratis frå 1. august 2023. Desse ordningane gir monaleg reduserte inntekter til den einskilde barnehage.

År	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Kommunal barnehagar	802	832	842	860	849	853	882
Private barnehagar	430	410	409	405	408	416	425
Samla tal barn i barnehage	1 232	1 242	1 251	1 265	1 257	1 269	1 307

Det er 802 barn i kommunale barnehagar i 2023 mot 832 i 2021. Dette er ein nedgang i barn i kommunale barnehagar på 30 barn. I dei private barnehagane er det 20 fleire barn i 2023 enn det var i 2022.

Omsorg

Pleiefaktor er tal stillingar i pleie pr. institusjonsplass. Det er eit mål at minimum pleiefaktor i omsorgseiningane skal vere 0,8. Spesialavdelingar som korttidseininga, rehabiliterings- og skjerma einingar treng ein høgare pleiefaktor, gjerne opp mot 1,0. Vi nådde ikkje målet i 2023. Det ligg inne ei årleg styrking av omsorgstenestene i økonomiplanperioden.

Pleiefaktor 2023

Omsorgssenter	Tal plassar	Nye årsverk	Årsverk	Pleiefaktor
Førde omsorgssenter, korttid	15	-	18,3	1,12

Førde omsorgssenter, langtid	28	0,5	27,2	0,92
Førde omsorgssenter, skjerma	28	1,73	29,78	1,01
Sande omsorgssenter	40	-	31,5	0,74
Skei omsorgssenter	25 + 8 (rehab)	2	28,42	0,81
Naustdal omsorgssenter	20	0,2	21	0,98

Ressurskrevjande tenester

Kommunen får toppfinansieringstilskot for tenester til brukarar med eit omfattande tenestebehov. Kommunen dekker alle kostnader opp til eit innslagspunkt, men får refundert 80 % av utgiftene over innslagspunktet. I 2023 var innslagspunktet på 1,6 mill. kroner. Fråtrekket for rammetilskotet sin andel for kriteriet «psykisk utviklingshemma 16 år og over» er berekna til 0,8 mill. kroner. Det gir eit innslagspunkt på 2,4 mill. kroner for brukarar med psykisk utviklingshemming.

Ressurskrevjande tenester	2023	2022	2021	2020
Tal brukarar	37	37	39	38
Bruttokostnad av tiltak (tal i 1000)	190 500	163 323	166 265	143 443
Tilskot (kr)	-92 800*	-72 375	-73 410	-59 248
Nettokostnad av tiltak (tal i 1000)	97 800	90 948	92 855	84 195

*Det er inntektsført 95,6 mill. kroner i toppfinansieringstilskot i rekneskapen for 2023. Etter gjennomgang med revisjonen er timetal på enkelte brukarar nedjustert, som gjer at forventa tilskot er redusert med 2,8 mill. kroner mot det som er ført. 92,8 mill. kroner er difor det ein kan vente å få utbetalt frå Helsedirektoratet. Avviket mellom inntektsført i 2023, og faktisk utbetalt i 2024 vert korrigert i 2024 rekneskapen.

Finans og gjeld

Finansplasseringar

Sunnfjord kommune hadde pr. 01.01.2023 plassert 190,6 mill. kroner i rente- og obligasjonsfond (63 %) og aksjefond (37%) med ulike risikoklassar og krav til avkastning. Plasseringane er gjort av tre forskjellige fondsforvaltarar.

2023 vart eit turbulent år med fleire store kriser, høg inflasjon, kraftig oppgang i rentene og folk flest fekk dårlegare råd. Avkastningane både for aksjar og etter kvart rente- og obligasjonsfond vart likevel god. Sunnfjord kommune fekk ein urealisert gevinst på 20,7 mill. kroner, som tilsvara ein auke på 10,9%.

Forvaltar	Verdi 31.12.23	Verdi 01.01.23	Endring 2023
C Worldwide Asset management	91 402	82 902	8 500
DnB Kapitalforvaltning	88 311	79 774	8 537
Fondsforvaltning	31 596	27 911	3 685
Sum	211 309	190 587	20 722

Tabellen viser verdiendringa gjennom året for plasserte midlar fordelt på dei tre fondsforvaltarane.

Finansreglement - krav og strategi

Gjeld (tal i 1000)

Lånegjevar	31.12.2023	01.01.2023	%
Obligasjonslån NO0010939838	183 593	183 593	6,6 %
Sertifikatlån DNB	0	111 971	0 %
KLP Kommunekreditt	513 966	579 771	18,6 %
Kommunalbanken	1 613 749	1 470 621	58,3 %
Volkswagen Financial S (leasing)	224	224	0 %
Husbanken	458 756	447 820	16,6 %
Sum lånegjeld	2 770 286	2 793 999	100 %

Endring i lånegjeld per 31.12.2023 er nye låneopptak og betaling av avdrag. Lån i Husbanken inkluderer lån som gjeld kjøp av barnehage på 16,2 mill. kroner.

Nye lån (tal i 1 000 000)

Opptak av nye lån. Vedteke låneopptak i 2023 er på 97,4 mill. kroner i lån til egne investeringar. I tillegg kjem 20 mill. kroner i lån til vidareutlån i Husbanken. Husbanken blir omtalt i eige kapittel.

Långjevar	Dato	Beløp	Forfall	Kommentarar
KBN	23.06.2023	97,4	24.06.2030	7 år vart valt for å auke rente bindingstida og fastrenteandelen.

Refinansiering av lån (tal i 1 000 000)

Det er utført refinansieringar i 2023 på 112 mill. kroner.

Långjevar	Dato	Beløp	Rente	Forfall	Kommentarar
KBN	22.05.2023	20,4	5,0 %	22.11.2032	Tidlegare fastrente. Avdragsfri tom. mai 2027.
KBN	23.05.2023	112,0	4,1 %	23.05.2028	Refinansiering. 5 års fast blei valt for å auke fastrenteandelen og rente bindingstida til gjeldsporteføljen.
KLP	18.12.2023	23,6	5,6 %	17.12.2048	Tidlegare fastrentelån.
KBN	21.12.2023	55,9	5,5 %	22.12.2053	Tidlegare fastrentelån.

Finansielle forpliktingane og verdien

Porteføljens rentebindingstid og renterisiko (tal i 1000).

Intervall	Pålydande NOK	Rentebindingstid	Andel	Akkumulert andel	Auke i rentekostnad ved 1 % renteauke, kroner
Under 1 år	1 677 166	0,21	72,56 %	72,56 %	16 772
1 til 2 år	173 080	1,91	7,49 %	80,05 %	18 502
2 til 3 år	0	0	0 %	80,05 %	18 502
3 til 5 år	193 659	4,34 %	8,38 %	88,43 %	20 439
>5 år	267 400	7,38	11,57 %	100,0 %	23 113
Sum	2 311 307	1,29	100 %		

Rentebindingstid blir brukt til å måle renterisiko. Altså kor følsam kontantstraumen til låna er for ei endring i marknadsrente. Porteføljer med rentebindingstid under 1 år vil vere svært sensitive for bevegelsar i marknadsrentene. Porteføljer med rentebindingstid over 5 år vil ha svært forutsigbare rentekostnadar i dei kommande åra. Alt anna likt vil ei slik forutsigbarheit (lågare risiko) ha ein pris eller «forsikringspremie», som må vurderast opp mot reduserte rentekostnadar (høgare risiko). Rentebindinga er i tråd med finansreglementet og rentesikringsstrategi, der forutsigbare rentekostnadane er eit viktig element.

Siste kolonne viser auken i rentekostnad på kommunen si lånegjeld ved 1 % renteauke, alt anna likt. Nedover i kolonna viser den samla renteauken etter kvart som rentebindingane utløper, om 1 til 2 år, og 2 til 3 år, om 3 til 5 år og om 5 år. Når alle rentebindingane i porteføljen er utløpt vil auka rentekostnad vere 1 % av total gjeld (så sant ein ikkje gjer nye rentebindingar).

Forpliktingane si løpetid, og verdien av lån som forfell og må refinansierast innan 12 månadar

Porteføljens kapitalbinding og refinansieringsrisiko.

Intervall	Pålydande NOK	Kapitalbinding	Prosentvis andel av porteføljen
Under 1 år	361 580	0,39	15,64 %
1 til 2 år	330 278	1,55	14,29 %
2 til 3 år	0	0	0 %
3 til 5 år	111 264	4,43	5,16 %
>5 år	1 500 184	12,46	64,91 %
Sum	2 311 307	8,6	100,00 %

Tabellen syner gjenverande tid fram til forfallstidspunkt for låna i porteføljen. Det er tatt hensyn til kapitalbevegeleser som for eksempel avdrag i berekningane.

Portefølje med kapitalbinding under 1 år har eit stort kapitalbehov det kommande året. Portefølje med kapitalbinding over 5 år antas å ha ein «normal» forfalls struktur. Porteføljen si kapitalbinding må vurderast ut får eit kostnads, - rente og portefølje perspektiv. Korte lån er normalt sett vesentleg billigare enn lengre lån.

Marknadsrenter og kommunen sine egne rentevilkår

Norges Bank heva renta og overraska markedet i siste rentemøte i 2023. Markedet var sterk i trua på at Norges Bank kom til å halde renta uendra på 4,25 % i desember møtet. Sentralbanken valte å auke renta med ytterlegare 0,25 % til 4,5 %. Den vedvarande høge inflasjonen, som fortsatt er høgt over målet på 2 %, og kronekursen som har låge på svært høge nivå gjennom året sine siste månadar er nokon av grunnane. Dette bidreg til auka importert inflasjon då det blir dyrare å importere varer og tenester frå våre handelspartnerar. I etter kant av rentemøtet styrka den norske krona seg mot både euro og dollar. Arbeidsledigheita ligg stabilt på 1,8 % i november.

Leiar for den amerikanske sentralbanken, Jerome Powell, uttale i samband med FED si rente avgjerd i november at styringsrenta no mest sannsynleg er “nær” eller har nådd toppen. Fokuset er dermed flytta til kor mange rentekutt ein vil få i 2024.

Markedet er noko delt i sine forventningar, men dei fleste prisar inn ein rentetopp på 4,5 % i løpet av året. Bankane sine påslag kjem på toppen av dette. For 3 måneders Nibor er påslaget no om lag 0,4 prosentpoeng. Indikerte fastrenter for kommunen ligger i intervallet mellom 4,7 % for 1 års binding og 4 % for 10 års binding.

Vekta gjennomsnittrente og rentekostnad

Tabellen under viser utviklinga i den vekta gjennomsnittrente på kommunen sine lån frå desember 2020 til desember 2023. Den samla rentebelastninga i kommunen er gått opp med 3,03 %. Det tilsvara ein auke i rentekostnader på 50,8 mill. kroner.

Periode	År	Vekta gj.snittsrente
Desember	2023	4,13 %
Desember	2022	3,05 %
Desember	2021	1,55 %
Desember	2020	1,10 %

Auke i vekta gjennomsnittrente (frå lågaste nivå)	3,03 %
Rentesensitivitet (1 % auke) per 31.12.2023 (tal i tusen)	16 772
Auke i rentekostnad (frå lågast nivå) (tal i tusen)	50 819

Tabellane viser korleis kommunen si høge lånegjeld i kombinasjon med høge renter, bind opp kapital og legg beslag på handlingsrommet i drifta. Gitt rente sensitiviteten, altså kommunen sin auka rentekostnad ved 1 % auke i det generelle rentenivået, og auken i rentenivå, er rentekostnader gått opp med med 50,8 mill. kroner dei siste tre åra. Det medfører at ein vridning av ressursar. Ut av drift og over på finans. Lånegjelda har løpande kostnader, men lang nedbetalingstid. Konsekvensane er difor både kortsiktige og langsiktige.

Krav som det skal opplysast om

Det er ikkje forhold som ein må opplyse om.

Den samla låneporteføljen si samansetjing fyller vilkåra i finansreglementet til Sunnfjord kommune.

Lånegjeld kommunen garanterer for

Tabellen under viser all lånegjeld kommunen garanterer for (Tal i 1000).

Garanti gitt overfor	Type garanti	Restgaran ti	Opprinneleg lån/garantirame	Utløp	Låneinstitusjon	Føremål
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd	Sjølvskuldnar	631	870	2045	KLP	Investering kyrkjebygg

Årsmelding 2023

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd	Sjølvskuldnar	692	1 280	2036	KLP	Investering kyrkjebygg
Sande barnehage	Sjølvskuldnar	917	2 177	2031	Kommunalbanken	Investering bygg barnehage
Gaular bustadstifting	Sjølvskuldnar	4 524	8 905	2033	KLP	Investering bygg omsorgsbustad
Alarmsentralen IKS	Sjølvskuldnar	13	604	2024	KLP	Investering alarmsentral
Sum	-	6 777	13 836	-	-	-

Innvilga garanti i 2023 overfor Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Sunnfjord kommune vedtok i [K-sak 096/23](#) å innvilge ein sjølvskuldnargaranti som sikkerheit for lån overfor Sunnfjord kyrkjeleg fellesråd på inntil 31 mill. kroner. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstige 31 mill. kroner +10 % totalt 34,1 mill. kroner. Garantien er godkjent av Statsforvaltaren, jf. kommunelova § 14 - 19.

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd sine garantiar gjeld ombyggingar av kyrkjebygg i kommunen.

Sande barnehage sin garanti gjeld for bygging av barnehage.

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane gjeld utstyr til sentralen.

Gaular bustadstifting sin garanti gjeld bygging av omsorgsbustadar på Sande.

Oversikt startlån

Sunnfjord kommune vedtok 55 mill. kroner i årsbudsjettet for 2023 til ordninga med startlån gjennom Husbanken. Dette var vidareføring av unytta midlar frå 2022 og innbetalte ekstraordinære avdrag i 2022. Kommunestyret gjorde vedtak i [K-sak 032/23](#) om å løyve ytterlegare 20 mill. til vidare utlån, då ein såg at 55 mill. kroner ikkje var tilstrekkeleg for å møte behovet i 2023.

Jamfør samtale med Husbanken, ligg kommunen på same utlånsnivå som samanliknbare kommunar. Sunnfjord kommune har få saker der ein har bokført tap på startlån. I 2023 er det tapt 0,5 mill. kroner innanfor startlånsordninga. Ein har gode rutinar for oppfølging av den enkelte låntakar. Det er tatt opp lån på 20,0 mill. kroner i juni i tråd med K-sak 032/23. Sunnfjord kommune har også lån i Husbanken som gjeld kjøp av barnehage på 16,2 mill. kroner. Lånet kjem i tillegg til saldo opplyst i tabell under.

Tabellen syner utviklinga i total lånegjeld ved inngangen og utgangen av 2023 (tal i 1000).

Lån i Husbanken til vidareutlån og Leige til eige	Rekneskap per 31.12.2023	Rekneskap per 31.12.2022
---	--------------------------	--------------------------

Lånesaldo per. 31.12	442 577	431 125
----------------------	---------	---------

Sunnfjord kommune etablerte ei Leige til eige ordning for vanskelegstilte gjennom Husbanken i 2021. Det vart innvilga 3 mill. kroner i kommunestyresak 038/21, og 5 mill. kroner til formålet i 2021, kommunestyresak 089/21. Det er nytta 2,6 mill. kroner i 2021. Leige til eige ordninga vart ikkje vidareført som ordning gjennom Husbanken i 2023, ved at kommunane fekk delfinansiering via tilskot. Kommunane må no lånefinansiere heile kjøpesummen, som igjen gjer at rente og avdragskostnaden for aktuelle kandidatar vert høgare. Administrasjonen vurderer likevel å nytte tildelte midlar til fleire aktuelle kandidatar til ordninga.

Resultatvurdering

For å kunne nå kommunen sine overordna mål er det viktig med økonomisk kontroll og handlefriheit, både i dag og i framtida. Hovudinndelinga er gjort i forhold til kva nøkkeltal som seier noko om økonomisk handlefriheit og kva som seier noko om økonomisk kontroll.

Handlingsreglar

I økonomi- og handlingsplan 2022 – 2025 har Sunnfjord kommune vedteke følgjande handlingsreglar for Sunnfjord kommune:

- Netto driftsresultat i % av driftsinntekter på 1,1 % i 2023. Langsiktig mål 2 %.
- Netto lånegjeld i % av driftsinntekter på 90,7 % i 2023. Langsiktig mål 50 %.
- Disposisjonsfond i % av driftsinntekter på 5,8 % i 2023. Langsiktig mål 10 %.

Eigenkapital og likviditet

Disponibel kapital (Tal i 1000).

Fond og overskot	31.12.2023	31.12.2022	31.12.2021
Disposisjonsfond	141 743	123 481	130 238
Bundne driftsfond	75 985	75 865	92 853
Mindreforbruk i driftsrekneskapet	-	-	-
Sum	217 728	199 346	223 091
Ubundne investeringsfond	36 474	49 167	67 945
Bundne investeringsfond	56 707	57 787	66 134
Udekka beløp i investeringsrekneskapet	-	-	-
Sum	93 181	106 955	134 079
Oppspart kapital	310 909	306 652	158 987
Av dette bundne fond	132 692	133 652	158 987

Årsmelding 2023

Frie fond	178 217	172 649	198 183
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	6,0 %	5,3 %	5,9 %
Frie fond i % av driftsinntekter	7,2 %	7,4 %	9,0 %

Ved utgangen av 2023 er oppspart kapital auka med 4,3 mill. kroner til 310,9 mill. kroner. Av total oppspart kapital utgjør 178,2 mill. kroner frie fond som kommunestyret fritt kan disponere. Sunnfjord kommune har etablert ein handlingsregel om å halde disposisjonsfondet på 10 % av driftsinntekter i 2023. Ved utgangen av 2023 er disposisjonsfond 6,0 % av driftsinntektene.

Frie fond

Frie fond utgjør disposisjonsfond og ubundne investeringsfond. Disse midlane kan kommunestyre bruke til alle formål. Disposisjonsfond er midlar kommunen fritt kan disponere både til drifts- og investeringsformål, medan ubundne investeringsfond er avgrensa til finansiering av alle investeringsformål.

Bruk og avsetjing til disposisjonsfond i 2023 er forklart i tabell nedanfor:

Disposisjonsfond	2023	2022	2021
Per 01.01.	123 481	130 238	96 433
Avsetnad til disposisjonsfond i drift	25 691	900	33 805
Bruk av disposisjonsfond i drift	-7 429	-7 657	-
Per 31.12	141 743	123 481	130 238

Bundne driftsfond

Bundne driftsfond er midlar kommunen skal disponere til formålet midlane er bundne til. Det kan vere øyremerka tilskot eller overskot på tenestemråde med sjølvkost. Tabellen under syner oversikt over utviklinga i kommunen (Tal i 1000).

Bundne fond - formål	Bokført verdi 01.01.2023	Avsetning	Bruk	Bokført verdi 31.12.2023	Bokført verdi 31.12.2022
Bundne driftsfond	72 060	14 328	13 296	73 092	72 060
Sjølvkostfond vatn	-	-	-	-	-
Sjølvkostfond avløp	67	0	67	0	67
Sjølvkostfond feiing	-	-	-	-	-

Årsmelding 2023

Sjølvcostfond byggesak	3 477	0	853	2 624	3 477
Sjølvcostfond oppmåling	-	-	-	-	-
Sjølvcostfond eigarseksjonering	262	7	0	269	262
Sum	75 865	14 355	14 215	75 985	75 865
Bundne investeringsfond	57 787		1 080	56 707	57 787

Bundne driftsfond utgjorde 76 mill. kroner per 31.12.2023. Bruk utgjør 14,2 mill. kroner og avsetning utgjør 14,4 mill. kroner i 2023. Auken i bundne driftsfond frå 31.12.2022 er på 0,1 mill. kroner.

Bruk av fond omfattar sektor for skule 3,0 mill. kroner, stab og støtte 7,6 mill. kroner, 7,6 mill, sektor helse og sosial 1,3 mill. kroner og sektor kultur og ungdom 0,7 mill. kroner. Det er på sjølvcostområdet brukt av fondet til avløp 0,07 mill. kroner og byggjesak 0,85 mill. kroner. Under sjølvcostområdet eigarseksjonering er det gjort avsetning på 7 000 kroner.

Ubundne fond

Ubundne fond	Bokført verdi 01.01.2023	Avsetning	Bruk	Bokført verdi 31.12.2023	Bokført verdi 31.12.2022
Ubundne driftsfond	123 481	25 691	7 429	141 743	123 481
Ubundne investeringsfond	49 167	-	12 693	36 474	49 167
Sum	75 865	14 355	14 215	75 985	75 865

Det er gjort overføring til investering på 10,8 mill. kroner.

Likviditet

Arbeidskapitalen til kommunen viser kor likvid kommunen er. Vidare gjev endringar i arbeidskapitalen uttrykk for utviklinga i kommunen si betalingsevne. Tabellen under syner utviklinga i likviditeten til kommunen (Tal i 1000).

-	31.12.2023	31.12.2022	31.12.2021
Omløpsmidlar (utan premieavvik)	489 889	712 725	716 048

Kortsiktig gjeld (utan premieavvik)	379 154	357 243	311 239
Arbeidskapital (utan premieavvik)	110 735	355 482	404 808
Endring	-244 747	-49 327	-90 401
Unyttta lånemidlar	111 462	220 147	198 573
Endring	-108 685	21 574	-51 714
Arbeidskapital utan premieavvik i % av brutto driftsinntekter	4,5 %	15,22 %	18,29 %
Unyttta lånemidlar i % av brutto driftsinntekter	4,5 %	9,42 %	8,97 %

Arbeidskapitalen til Sunnfjord kommune utgjer 110,7 mill. kroner. I tillegg kjem unyttta lånemidlar på 111 mill. kroner. Endring i arbeidskapital gjennom 2023 er negativ med 244,7 mill. kroner medan unyttta lånemidlar er redusert med 108,7 mill. kroner.

Sunnfjord kommune sin likvide situasjon har forverra seg gjennom 2023. Årsaka til dette er blant anna høgare rente på kommunen sine innlån, høg pensjonspremie i 2023, prisauke og auke i forskottering. Sunnfjord kommune har derfor nytta kassakreditt for å betale løpande utgifter i desember 2023. Det vert arbeidd med å forbetre den likvide situasjonen utover våren 2024.

Premieavvik

Sunnfjord kommune fører årleg samla pensjonskostnad beståande av netto pensjonskostnad, administrasjonskostnader og avskrivning av tidlegare års premieavvik. Kvart år oppstår eit premieavvik på grunn av forskjell mellom netto pensjonskostnad og årets premieinnbetaling. Sunnfjord kommune avskriv dette premieavviket over 7 år.


Per 31.12.2023 har Sunnfjord kommune eit akkumulert premieavvik på 277,4 mill. kroner. Det er ein auke på 123,3 mill. kroner frå 31.12.2022 då akkumulert premieavvik var på 154,1 mill. kroner. I tillegg kjem arbeidsgjevaravgift av premieavviket.

Premieavviket vil seie at Sunnfjord kommune har betalt premie til pensjonsleverandørar på 277,4 mill. meir enn det som er utgiftsført i rekneskapen. Dette skal utgiftsførast i rekneskapen med 1/7 dei næraste 7 åra. Premieavviket svekker likviditeten til Sunnfjord kommune.

Netto driftsresultat

Ved vurderinga av kommunen si økonomiske berekraft og handlingsrom er det normalt tre indikatorar ein brukar for ei slik vurdering. Den første går på resultatgrad, også kalla netto driftsresultat. Denne viser kva kommunen sit igjen med når alle driftskostnader (inkludert renter og avdrag) er trekt frå kommunen sine driftsinntekter. Normalt målast denne i % av samla driftsinntekter. Nasjonalt er det angitt at denne normalt bør ligge over 1,75 %, noko som er likt kommunen sine eigne handlingsreglar. For åra 2020 til 2022 har resultatgraden for Sunnfjord vore hhv. 0,7 %, 2,6 % og 1,5 %. For 2023 viser foreløpige KOSTRA-tall 1,1 %. Eit positivt tall under 1,75 % kan vi omtale som eit resultat på gult nivå.

Om vi samanliknar med dei andre kommunane har dei siste åra sett slik ut:




Figur 3 NDR siste år for sammenlikningskommunane. SSB/KOSTRA/Framsikt

Figuren over syner ei samanlikning med nokre utvalde kommunar. I 2022 var landet, Kinn og KOSTRA-gruppa over målet på 1,75% netto driftsresultat. I 2023 og dei foreløpige talla, viser at samtlege kommunar ligg under eit mål på 1,75%. Sogndal kjem nærast med rundt 1,6%, mens tre av kommunane, og KOSTRA-gruppa faktisk kjem ut med eit negativt driftsresultat for 2023. Talla for 2023 er foreløpige og kan bli endra når talla blir reviderte. Nye tall kjem 15. juni. For Sunnfjord kommune er forøvrig årsbudsjettet for 2024 er vedteke med eit netto driftsresultat på 0,4 %.

Netto lånegjeld

Den andre indikatoren som ofte vert nytta er *gjeldsgrad*. Dette er kommunen si lånegjeld i % av driftsinntektene. Indikatoren er noko meir kompleks å vurdere, sidan ein del av lånegjelda er finansiert via sjølvkost, men for å måle status og utvikling omtalar vi ofte eit berekraftig nivå til å ligge rundt 80 %. Sunnfjord har sjølv sett 50 % som eit berekraftig nivå på denne indikatoren. For åra 2020 til 2022 har gjeldsgraden for Sunnfjord vore hhv. 97,4 %, 97,8 % og 92,7 %. Nivået for 2023 er 94,4 %. Også her er med andre ord Sunnfjord noko over / dårlegare enn tilrådd, og også for denne indikatoren ligg kommunen på et gult nivå.

Figuren under viser ei samanlikning med dei andre kommunane dei siste åra:



Figur 4 Lånegjeld siste år for sammenlikningskommunane. SSB/KOSTRA/Framsikt


Målet på 50 % er som nevnt noko lågare enn det vi ofte ser andre kommunar har på lånegrad. Ein norm som ofte er nytta er rundt 80 %, men sjølv eit slikt nivå ligg lågare enn Sunnfjord gjer per no. I motsetning til dei to andre indikatorane er det her om å gjere å ligge under det finansielle måletalet.

To av kommunane i sammenlikninga, Voss og Sogndal, ligg ned mot 50 % og godt under 80 %. For dei aller fleste kommunane er gjelda synkende fra 2022 til 2023, også for Sunnfjord kommune. Både Steinkjer og Kinn har i heile perioden høgare gjeldsgrad enn Sunnfjord.

Disposisjonsfond

Den siste indikatoren er knytt til oppsparte frie midlar også kalla disposisjonsfond. Også denne vert målt i % av driftsinntektene. I utgangspunktet vil det alltid være ønskeleg å ha eit betydelig disposisjonsfond, men for å måle berekraft, ser vi at ein ofte nyttar eit mål mellom 10 til 20 %. Sunnfjord kommune har sjølv sett 10 % som et berekraftig nivå i sine gjeldande handlingsreglar. For Sunnfjord har utviklinga frå 2020 til 2022 vore 4,6 %, 6,0 % og 5,3 %. Dette er også å betrakte som et gult nivå.

Ei samanlikning her ser slik ut:




Figur 5 Disposisjonsfond siste år for sammenlikningskommunane. SSB/KOSTRA/Framsikt

Figur 3 viser at Sunnfjord er den kommunen med lågast disposisjonsfond og dermed frie reservar. I snitt ligg både KOSTRA-gruppa og landsgjennomsnittet over måtalet på 10%. Det gjer også Sogndal. Voss og Kinn ligg omlag på same nivå som Sunnfjord, mens Steinkjer har eit fall frå 2022 til 2023 og er også under 10 % i den foreløpige talla for 2023.



Kommunaløkonomisk bærekraft



Oppsummert er den økonomiske berekrafta til kommunen noko under ønska nivå. Alle dei tre sentrale indikatorane syner lågare eller svakare resultat enn målsettinga. Det er berre i 2021 at ein av indikatorane (resultatgrad) var over det som omtalast som eit ønska nivå.

Forenkla kan dette illustrerast slik som figuren til venstre syner. Per 2023 låg alle indikatorane lågare/svakare enn gjeldande handlingsreglar.

Dei finansielle nøkkeltala syner at Sunnfjord kommune er i ein utsatt og sårbar økonomisk situasjon. I tillegg til at kommunen venteleg vil få reduserte eller strammare økonomiske rammer framover, må ein også venne seg til høgare (og variabelt) rentenivå, økte faste kostnader (straum, løn/pensjon, generell prisvekst) og ei kostnadskrevjande endring i demografi. Neste del nedanfor kjem inn på denne utfordringa for kommunen generelt og for oppvekstområde spesielt.

Personal og organisasjon

Årsverk

Tabellen under viser årsverk, tal tilsette og kjønnsfordelinga i kommunen sine sektorar pr. 31.12.2023:

Sektor	Tal årsverk	Tal årsverk kvinner	Tal årsverk menn	Tal tilsette	Tal tilsette kvinner	Tal tilsette menn
Leiing	9	5	4	9	5	4
Stab	102	64,6	37	109	70	39
Skule	543	404,1	138,6	620	466	154
Barnehage	253	217,5	35,8	279	241	38
Helse- og sosial	189	160,6	28,1	227	184	43
Omsorg	550	487,9	62,4	777	671	106

Årsmelding 2023

Kultur og idrett	41	26,1	14,9	57	36	21
Teknisk og miljø	173	72,5	100,4	255	96	159
Sum	1 860	1 438	421	2 333*	1 769	564

Kvinnedelen av årsverk utgjør 77 %. Det er det den same som i 2022.

Totalt 2 293* personar hadde eit løna arbeidstilhøve i Sunnfjord kommune per 31.12.2023. Det er 30 fleire enn tilsvarende tal i 2022. Kvinnedelen og mannsdelen er den same som i 2022 (og 2021) på h.v. 76 % og 24 %. Nasjonale tal for kvinnedelen i kommunesektoren er 76,4 % (PAI- registeret). Sunnfjord kommune ligg såleis på gjennomsnittet.

Av kommunen sine 152 leiarar (kommunedirektør/kommunalsjefar/einingsleiarar/ assisterande einingsleiarar) er 115 kvinner og 37 menn. Det utgjør ein kvinnedel på 76 %.

Når det gjeld einingsleiarar (totalt 79 stk.), så er 56 kvinner (71 %) og 23 menn (29 %).

*Når tal tilsette i sektorane utgjør meir enn tal tilsette i kommunen totalt, skuldast at mange tilsette arbeider i fleire sektorar og derfor vert telt fleire gongar.

Sjukefråvær og inkluderande arbeidsliv

Det totale sjukefråværet i kommunen, basert på uttrekk frå eige lønssystem gjennom heile 2023, fordelar seg slik:

Kva	Totalt i 2023	Totalt i 2022	Totalt i 2021
Eigenmelding 1-8 dagar i %	1,5	2,0	1,4
Sjukmeldingar 1-16 dagar i %	0,8	0,8	1,0
Sjukmeldingar 17-56 dagar i %	1,0	1,1	2,3
Sjukmeldingar over 56 dagar i %	5,2	5,2	4,5
Sjukmelding totalt	8,5	9,2	9,2
Tal einingar over 10 %	22	30	32

Sjukefråværet totalt er det same som i 2021. Korttidsfråværet har auka med totalt 0,4%-poeng. Her var fråværet spesielt høgt i første og siste kvartal. Årsaka skuldast nok ein kombinasjon av corona og influensa. Sett iht 2021 så er det langtidsfråværet som har uka mest med 0,7%- poeng. Då vi veit at det er dette fråværet som har størst betydning for om arbeidstakarar fell ut av av arbeidslivet eller ei, så er ei negativ utvikling her svært uheldig.

Nasjonal målsetjing med IA- arbeidet for perioden 2019 – 2022 er at sjukefråværsprosenten skal reduserast med 10 prosent samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018 som var 5,8%- legemeldt fråvær. Legg vi til grunn 1 % eigenmeldt sjukefråvær, så talar vi om ei nasjonal målsetjing kor det totale sjukefråværet skal vere på 6,1 % pr 31.12.2022.

Årsmelding 2023

Det betyr eit måltal i 2022 på 7,3% for Sunnfjord kommune. Vi er såleis 1,9%- poeng unna den målsettinga. Med tanke på at vi har vore gjennom ein koronapandemi og mykje influensa, så var den målsettinga vanskeleg å oppnå i 2022.

Sjuefråværet innanfor den einskilde sektor fordelar seg slik:

Kva	Leing og stabar	Skule	Barnehage	Helse- og sosial	Omsorg	Kultur og idrett	Teknisk
Månadsverk							
Eigenmeldingar 1-8 dagar i %							
Sjukmeldingar 1-16 dagar i %							
Sjukmeldingar 17-56 dagar i %							
Sjukmeldingar over 56 dagar i %							
Sjukmelding totalt i % i 2023							
Sjukmelding totalt i % i 2022	5,6	7,5	10,7	11,6	10,6	5,7	7,9
Sjukmelding totalt i % i 2021	4,1	7,7	11,2	8,0	12,0	7,2	7,2

Samanlikna med 2021, så er det spesielt Helse- og sosialsektoren og staben som auka fråværet sitt i 2022. Omsorg og Kultur og idrett har derimot klart å redusere sitt fråvær betydeleg.

Nasjonale tal for legemeldt sjukefråvær

Oversikten syner legemeldt sjukefråvær (dette inkluderer ikkje eigenmeldingar).

År	Kvartal	Sunnfjord kommune	Kommunal forvaltning	Norge
2023	4	7,0 %	8,1 %	
2023	3	5,6 %	6,1 %	
2023	2	6,0 %	7,6 %	

2023	1	7,2 %	8,4 %	
2022	4	7,1 %	7,8 %	5,7 %
2022	3	5,8 %	6,0 %	4,6 %
2022	2	6,8 %	7,4 %	5,2 %
2022	1	7,3 %	8,6 %	6,2 %

Her kan vi samanlikne oss med andre kommunar i Norge. Oversikten viser at Sunnfjord kommune har eit lågare legemeldt sjukefråvær enn resten av kommune Norge gjennom heile 2023.

Etikk

Etikk står sentralt i arbeidet med å skape tillit mellom kommunen og innbyggjarar. Høg etisk standard skal ligge til grunn for alt arbeid i Sunnfjord kommune.

Visjon og verdier

Vi har ein visjon i Sunnfjord kommune: Saman blir vi drivande gode. Verdiane vi skal styre etter er: Engasjert, Inkluderande og Nær (EIN).

Visjon og verdier skal fungere som eit overordna styringskompass, for kommunen og for kvar enkelt tilsett. Arbeidet med visjonar og verdier er kontinuerleg haldningsarbeid og skjer i ulik grad og på ulike måtar. Enten som tema i einingsmøter, på fagdagar eller ved lunsjbordet.

Etiske retningslinjer

I 2021 vart det utarbeida etiske retningslinjer, som gjeld alle medarbeidarar i Sunnfjord kommune. Einingane skal rapportere om fokuset på etikk i årsrapporten, og etikk vil også vere eit eige kontrollspørsmål i medarbeidersamtalen med einingsleiarane. Sunnfjord kommune er medlem av Transparency International som samarbeider med KS om etikk og antikorrupsjonsarbeid.

Reglement for økonomi, finans- og gjeldsforvaltning

Kommunestyret vedtok 17.11.2022 revidert økonomireglement for Sunnfjord kommune. Formål med reglementet er å sikre effektiv og forsvarleg økonomistyring.

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning, vart vedtatt i kommunestyret den 29.10.2020. Reglementet skal sikre at kommunen forvaltar finansielle midlar og gjeld på ein måte som ikkje inneberer vesentleg finansiell risiko, mellom anna slik at betalingsforpliktingar kan innfriast ved forfall. Begge reglementa skal reviderast i 2024.

Risiko for mislighald

Prosessar for å identifisere og handtere risiko for mislighald er godt innarbeid i organisasjonen gjennom fleire år. Rutinar for tilvising skal sikre at ikkje same person gjer avtalar, kjøper inn, attesterer og tilviser. Elektronisk handelsløyising hjelper til med å formalisere og sikre gode innkjøpsprosessar. Vi fokuserer på at einingane nyttar dei framforhandla rammeavtalane innanfor denne løyisinga. Eininga rekneskap og løn utøver kontrollfunksjonen gjennom stikkprøver. Eit moderne økonomisystem bygger opp om dette og gjer kontrollen enklare.

I det administrative delegasjonsreglementet går det fram at fullmakt til å inngå kontraktar for einingsleiarar er avgrensa til kontraktar med ein avtalesum under 1,3 mill. kroner.

Kommunedirektøren/kommunalsjef skal orienterast om innkjøp større enn 0,5 mill. kroner. Eininga for kommuneadvokaten vart styrka med eit årsverk hausten 2022. Den "nye" kommuneadvokaten har

jobba dedikert mot innkjøpsområdet, med å få på plass rutiner, rammeavtaler, anbudsprosessar og kontroll på at reglar og lover blir fylgt av dei tilsette.

Likestilling

Oversiktane i tabellane under, baserer seg på tal henta frå to kilder.

- Kommunen sitt eige lønssystem og løn pr 31.12.2023.
Denne inkluderer alle tilsette i alle faste eller mellombels stillingar som har eit løna arbeidsforhold i kommunen i samsvar med Hovudtariffavtalen (HTA) herunder også løna permisjon. (Same berekningsmetode er nytta i alle årsmeldingane sia i 2020.)
- PAI- registeret som er oversikter henta frå KS sin lønns- og personal statistikk for 2023.

Det er i ein del samanhengar føremålstenleg å vise tal frå begge registera. Frå vårt eige lønssystem finn vi ein meir nøyaktig status og utvikling internt, mens data frå PAI-registeret viser status i vår eige kommune samanlikna med andre kommunar i Norge.

Tilsette (Kjelde: Eige lønssystem)

Tabellen under viser årsverk, tal tilsette og kjønnsfordelinga i kommunen sine sektorar per 31.12.2023.

Sektor	Tal årsverk	Tal årsverk kvinner	Tal årsverk menn	Tal tilsette	Tal tilsette kvinner	Tal tilsette menn
Leiing	9	5	4	9	5	4
Stab	102	64,6	37	109	70	39
Skule	543	404,1	138,6	620	466	154
Barnehage	253	217,5	35,8	279	241	38
Helse- og sosial	189	160,6	28,1	227	184	43
Omsorg	550	487,9	62,4	777	671	106
Kultur og idrett	41	26,1	14,9	57	36	21
Teknisk og miljø	173	72,5	100,4	255	96	159
Sum	1 860	1 438	421	2 333*	1 769	564

Som oversikten viser så var det i kommunen 1 860 årsverk i 2023. Det er ein auke på 40 årsverk sett i høve til 2022.

Tabellen under viser endringane i årsverk.

Årsmelding 2023

Sektor	Tal årsverk 2023	Tal årsverk 2022	Endring
Leiing	9	8	+1
Stab	102	105	-3
Skule	543	506	+37
Barnehage	253	257	-4
Helse- og sosial	189	191	-2
Omsorg	550	537	+13
Kultur og idrett	41	42	-1
Teknisk og miljø	173	174	-1
Sum	1 860	1 820	+40

Kvinnedelen av årsverk utgjer 77 %. Det er det den same som i 2022.

Totalt 2 293* personar hadde eit løna arbeidstilhøve i Sunnfjord kommune per 31.12.2023. Det er 30 fleire enn tilsvarande tal i 2022.

Kvinnedelen og mannsdelen er den same som i 2022 (og 2021) på h.v. 76 % og 24 %.

Nasjonale tal for kvinnedelen i kommunesektoren er 76,4 % (PAI- registeret). Sunnfjord kommune ligg såleis på gjennomsnittet.

Av kommunen sine 152 leiarar (kommunedirektør/kommunalsjefar/einingsleiarar/ assisterande einingsleiarar) er 115 kvinner og 37 menn. Det utgjer ein kvinnedel på 76 %.

Når det gjeld einingsleiarar (totalt 79 stk.), så er 56 kvinner (71 %) og 23 menn (29 %).

*Når tal tilsette i sektorane utgjer meir enn tal tilsette i kommunen totalt, skuldast at mange tilsette arbeider i fleire sektorar og derfor vert telt fleire gongar.

Heil- og deltidstilsette (Kjelde: Eige lønssystem)

Definisjon deltidstilsett: Ein som ikkje arbeider i 100 % stilling totalt i kommunen. Tabellen viser oversikt over fulltidstilsette.

-	Totalt 2023	Kvinner 2023	Menn 2023
Tal fulltidstilsette	1 327	991	336
Fulltidstilsette i %	58	56	60

Tal heiltidstilsette utgjer totalt 58 % av alle tilsette i kommunen. Det er ein auke på 1 % frå 2022. Blant kvinner er 56 % heiltidstilsette og 60 % av mennene. Samanlikna med 2022, så auke tal kvinner med 1 %, mens tal menn som går i 100 % stilling er redusert med 2 %.

Oversikten over viser dei som arbeider heiltid og deltid totalt. Av dei som arbeider deltid, så er det 120

tilsette som eig ei 100 % stilling men vel å arbeide deltid. Av desse er det 112 kvinner og 8 menn. Summerer vi desse saman med dei som arbeider 100 %, så arbeider/har 63 % av våre tilsette full stilling i Sunnfjord kommune.

Heil- og deltidstillingar innanfor sektorane (Kjelde: Eige lønssystem)

Tabellen viser at omfanget av heil- og deltidstillingar varierer innafor dei einskilde sektorane.

Sektor	Prosentvis tal tilsette kvinner i 100 % stilling	Prosentvis tal tilsette menn i 100 % stilling	Prosentvis tal tilsette totalt i 100 % stilling	Tal deltids tilsette	Prosentvis tal tilsette i deltid stilling
Leiing	100	100	100	-	-
Stab	86	87	86	15	14
Skule	63	69	64	221	36
Barnehage	67	76	69	88	32
Helse- og sosial	67	49	64	82	36
Omsorg	42	35	41	459	59
Kultur og idrett	53	52	53	27	47
Teknisk og miljø	50	58	55	114	45

Tabellen viser heil- og deltidstilsette i sektoren. Då fleire har stillingar i fleire sektorar som i sum utgjer 100% stilling, så viser ikkje tabellen dette.

Omsorgssektoren har flest tilsette som arbeider deltid. Totalt 59 % (61% i 2022) av dei tilsette har ei deltidstilling. Av desse er det 44 tilsette som eig ei 100 % stilling men som vel å gå i redusert stilling.

På grunn av stillinga sitt innhald og organisering, er det mange stillingar i kommunen som tilseier at det ikkje er ei 100 % stilling å tilsette i. Det vil og vere slik at det heller ikkje er mogleg å kombinere ei slik stilling med andre stillingar i kommunen. For mange tilsette er det heller ikkje mogleg eller ønskjeleg. Dette vil vere situasjonen for m.a. om lag 70 deltid brannmannskap, 20 legar i legetenesta, samt opp mot 125 tilsette som arbeider i reine helge stillingar i omsorgssektoren. Det er studentar i helse utdanning sjukepleiestudentar (37) og andre ufaglærte samt unge arbeidstakarar.

Status sjukepleiarar i omsorgssektoren (Kjelde: Eige lønssystem)

Tabellen viser oversikt over faste tilsette sjukepleiarar i omsorgssektoren.

Tal årsverk	Tal tilsette	Gjennomsnitt %	Tal tilsette som arbeider 100 %	Tal tilsette som eig 100 % st. men går i redusert stilling
14	163	91	98	25

Sett i høve til 2022 har gjennomsnittleg stillingsprosent for sjukepleiarar auka frå 86 % til 91 % stilling. Av dei 163 tilsette, så er det 123 faste tilsette som eig ei 100 % stilling. Det utgjer 83 % av dei tilsette. Når det gjeld dei 25 sjukepleiarane (35 sjukepleiarar i 2022) som eig ei 100 % stilling, men som arbeider i ei redusert stilling, så arbeider dei fleste av dei i om lag i 80 % stilling. Det ligg såleis ein arbeidskraftreserve her på om lag 6 stillingar.

Ynskje om auke i stilling

Faste tilsette som ønskjer å auke stillinga si, kan registrere dette på eit eige skjema på kommunen si nettside. Dette starta kommunen med i 2020, og per 31.12.2023 har vi no 58 som har registrert seg her. Det er 18 mindre enn i 2022. I sum utgjer deira ønskje om å auke stilling totalt 16,22 årsverk (22,77 årsverk i 2022).

Type kompetanse	Tal tilsette	Totalt ønskje om auke stilling tilsvara i årsverk
Ufaglærte	26	8,05
Fagarbeidarar/tilsvarande	21	4,05
Høgskuleutdanna	11	4,16
Sum	58	16,22

Fleire av desse har mellombels stillingar slik at dei i periodar arbeider i ein høgare stillingsprosent. Elles er utfordringa at dei fleste ønskjer å auke stillinga i den same eininga som dei er fast tilsett i. Det gjer det meir krevjande å få til ein stillingsauke.

Til ytterlegare informasjon; kommunen gjennomførte i februar 2024 ei medarbeidarundersøking i regi av bedriftshelsetenesta (AVONOVA). Her blei dei tilsette som er fast tilsette men ikkje arbeider i 100 % stilling, spurt om dei ønskjer ein større stillingsprosent.

Det var 730 tilsette som svarte, 143 svarte ja og 587 svarte nei. Svara fordelte seg slik:

- Ønskjer å auka til 60-79 %: 19 tilsette
- Ønskjer å auka til 80-99 %: 28 tilsette
- Ønskjer å auka til 100 %: 96 tilsette

Her kan det nok vere noko feilmargarar men resultatet syner at det er fleire som ønskjer å arbeide i større stillingsprosent enn det vi har registrert.

Gjennomsnittleg stillingsprosent i alle sektorar (Kjelde: Eige lønssystem)

Sektor	Gjennomsnitt stillings % kvinner	Gjennomsnitt stillings % menn	Gjennomsnitt stillings % alle
Leiing	100	100	100
Stab	92	95	93
Skule	87	90	88
Barnehage	90	94	91
Helse- og sosial	87	65	83
Omsorg	73	59	71
Kultur og idrett	73	71	72
Teknisk og miljø	76	63	68
Sum	83	76	81

Gjennomsnittleg stillingsprosent har auka med 2 % frå 2022 til 2023 for alle kategoriar. Sett i høve til 2022 har den auka med 3 % for kvinner og 1 % for menn.

Det er i sektoren teknisk og miljø vi finn den gjennomsnitt lågaste stillingsprosenten, og det er blant menn med 63 %. (60 % i 2022). Den låge stillingsprosenten skuldast i hovudsak mange deltids brannmannskap (om lag 70 stk) som berre har opp til 2,3 % stilling i kommunen.

Statistikk frå PAI-registeret som viser heiltid og stillingsstorleik

Skal vi samanlikne kommunen sin status med kommune-Norge, må vi nytte tal frå PAI- registeret. Den gir ikkje eit nøyaktig bilde på status i Sunnfjord kommune, men gir derimot eit bilde av kommunen sin status samanlikna med andre kommunar.

Kva	Tal % heiltid alle	Gj. snitt stillings % alle	Tal % heiltid K	Gj. snitt stillings % K	Tal % heiltid M	Gj. snitt stillings % M
Sunnfjord kommune 2023	52,2	76,4	51	78,1	55,7	71,1
Sunnfjord kommune 2022	51,1	75,8	49	76,8	57,5	72,6

Årsmelding 2023

